



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 12. juni 2025

**Behandling av årleg melding 2024,
godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
2024 mv., samt nye krav for 2025**

PROTOKOLL FRA FORETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 12. juni 2024 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale i Teatergata 9 Oslo og digitalt.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2024, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2024, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16a
- Sak 6 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 7 Endring i driftskredittramma og bruk av premiefond for 2025
- Sak 8 Organisering av luftambulansenesta

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre

Også til stades:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng
Departementsråd Cathrine M. Lofthus
Ekspedisjonssjef Cathrine Meland
Avdelingsdirektør Kai Furberg
Avdelingsdirektør Astri Knapstad
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad
Wenche Kristin Røkenes
Linda Karin Gangstøe
Kristin Reitan Husebø
Hege Solbakken
Lars Kåre Kleppe

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inge Cathrine Bryne

Også til stades

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Revisor for Helse Vest RHF, BDO AS, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møtte ved revisor Ellen Marvik.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurte om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Årleg melding 2024, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga om pålegg og vedtak som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2024.

Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 15. mars 2025 og supplerande informasjon av 6. mai 2025.

I oppdragsdokumentet for 2024 var målet at gjennomsnittleg ventetid for påbegynt helsehjelp skal reduserast samanlikna med 2023 for somatikk, psykisk helsevern vaksne, psykiske helsevern barn og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Målsettinga på sikt er gjennomsnittleg ventetid lågare enn 50 dagar for somatikk, 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og 30 dagar for TSB.

Gjennomsnittleg ventetid i psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge og TSB var høvesvis fem, tre og tre dagar kortare i 2024 enn i 2023 og målet er nådd for desse tre fagområda. Gjennomsnittleg ventetid i somatikken var i 2024 ein dag lengre enn i 2023 og målet er ikkje nådd for dette fagområdet.

Den 13. mai 2024 inngjekk regjeringa ein avtale om eit ventetidsløft saman med arbeidstakarorganisasjonar, arbeidsgjevarorganisasjonar og dei regionale helseforetaka, jf. også revidert oppdragsdokument av 3. juli 2024. Utviklinga var likevel ikkje tilfredsstillande hausten 2024, og det vart gjennomført føretaksmøte om ventetider 5. november. Det vart stilt krav om ein særleg innsats i november og desember for å redusere ventetider og talet på ventande. Det regionale helseforetaket si kapasitetsberekning med ein buffer på 20 prosent vart lagt til grunn. Kravet vart gjentatt i føretaksmøte 19. februar 2025 fordi at utviklinga ikkje var god nok i førstninga av 2025.

Helse Vest RHF har sett inn forsterkande tiltak gjennom heile vinteren og våren og ventetidstal per april for Helse Vest viser god effekt av tiltaka. Trenden er snudd og ventetidene på veg markant ned.

Det vart stilt som mål at regionane skal overhalde minst 95 pst. av pasientavtalene (passert planlagt tid). Dette ble ikkje nådd i 2024 og vil vere viktig å følgje med på framover.

Føretaksmøtet viste til målet om at realveksten i kostnader innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal være høgare enn realveksten i dei regionale helseføretaka sine ordinære, frie driftsløyvingar. Helse Vest RHF har ikkje nådd målet for nokon av fagområda. Føretaksmøtet viste vidare til målet om at døgnkapasiteten i psykisk helsevern skulle vere høgare i 2024 samanlikna med 2023. Helse Vest RHF nådde ikkje målet, som følgje av ein midlertidig nedgang i talet på plasser i 2024.

Det vart innført pakkeforløp for kreft i 2015. Helse Vest RHF nådde ikkje målet om 70 pst. gjennomføring innanfor maksimal forløpstid i 2024, men hadde ein liten auke i måloppnåinga, frå 66,5 pst. i 2023 til 66,7 pst. i 2024. Det er viktig at det blir arbeidd vidare med tiltak for å nå måla for pakkeforløpa for kreft.

I oppdragsdokumentet for 2024 var målet at talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar, skal aukast med minst 15 pst. i 2024 samanlikna med 2023, jf. måla i *Nasjonal handlingsplan for kliniske studier*. Helse Vest RHF nådde ikkje målet. Det har vært ein auke i talet på studiar på nasjonalt nivå i perioden, men ikkje på eit nivå som er kravd for at det nasjonale målet vert nådd i 2025.

Intensivkapasiteten er forbedra samanlikna med 2023, i fyrste rekke når det gjeld kompetanseheving og betre tilgang til personell. Det har vore ein liten auke i samla tal på intensivsenger (kategori 2- og 3-senger). Det er behov for å arbeide vidare med dette for å kunne møte utfordringar i framtida. For å kunne følgje utviklinga og vurdere vidare måloppnåing er det positivt at dei regionale helseføretaka vil etablere felles rapporteringsmåte for intensivsenger.

Helseregionen har hatt høg aktivitet og levert gode resultat innan fleire område i 2024. På grunnlag av samla rapportering for 2024 frå Helse Vest RHF meiner føretaksmøtet at hovudoppgåvene pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande har vore ivaretatt i tråd med føringane som er gitt i oppdragsdokument og føretaksmøte. Samstundes er måloppnåinga innan enkelte område ikkje tilfredsstillande, slik at ein må arbeide systematisk og strukturert vidare med omstilling og betre måloppnåing. Føretaksmøtet forventar at dei regionale helseføretaka følgjer med på måloppnåinga fortløpande og på eige initiativ setter inn tiltak tidleg der det er naudsynt. Ventetidsløftet gjeld i fyrste omgang for heile 2025 og arbeidet må vere høgt prioritert for å nå styringsmåla for 2025, og for å sikre permanent kortare ventetider og sørge for gode pasientforløp der målet for del passert planlagt tid blir overhaldt.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge for-ansvaret.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tar årleg melding 2024 med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2024, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Revisor frå BDO AS, Ellen Marvik, gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2024.

I føretaksmøtet 16. januar 2024 vart det fastsett følgjande resultatkrav for foretaksgruppa Helse Vest for 2024: *«Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseforetaka innrettar verksemda innanfor økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2023–2024), føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2024, slik at sørge for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.»*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 104 S (2023–2024) vart det gitt tilleggsøyvingar på 2,1 mrd. kroner til dei regionale helseforetaka. 400 mill. kroner gjekk til tiltak for å redusere ventetidene. 1 150 mill. kroner var knytt til ei varig auke i grunnfinansieringa som skulle legge betre til rette for at sjukehusa kunne innfri oppdrag og krav, mellom anna målet om reduserte ventetider. 100 mill. kroner gjekk til sikkerheitspsykiatri, 150 mill. kroner til rekrutterings- og samhandlingstilskot og 50 mill. kroner til integrert ettervern av ruspasientar. Helse Nord fekk også løyvd særskild 250 mill. kroner, med 90 mill. kroner til rekrutterings- og samhandlingstiltak og 160 mill. kroner til beredskaps- og rekrutteringstilskot.

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 23 S (2024–2025) vart det også gitt eingongsløyvingar på 2,1 mrd. kroner til dei regionale helseforetaka. 1,6 mrd. kroner var ei generell styrking av grunnfinansieringa slik at helseforetaka fekk ein økonomi som sette dei i stand til å mellom anna å vidareføre naudsyste investeringsplanar og samstundes fortsette innsatsen med Ventetidsløftet. I tillegg fekk Helse Nord 200 mill. kroner til særlege kapasitetsutfordringar innan sikkerheitspsykiatri og ytterlegare 100 mill. kroner i rekrutterings- og samhandlingstilskot. Vidare fekk Helse Midt-Noreg 200 mill. kroner for å betre brukarvenlegheita i Helseplattforma.

Rekneskapsført årsresultat for 2024 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 903 mill. kroner, noko som var betre enn budsjettet. I resultatet inngår nedskriving av eigedelar med 7 mill. kroner og eit netto tap ved sal av anleggsmiddel på 5 mill. kroner. Helse Vest har investert i driftsmiddel for 5 032 mill. kroner i 2024. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2024. Føretaksmøtet viste til at resultatkravet som vart stilt for 2024 er oppfylt.

Føretaksmøtet viste til at alle dei regionale helseforetaka må ha stor merksemd på den økonomiske styringa i føretaksgruppa. God økonomisk styring og kostnadskontroll på alle nivå er viktig. Føretaksmøtet viste til at alle regionar må arbeide vidare med omstilling og forbetringar i drifta i helseforetaka. Løyvingane til sektoren dekkar både drift og investeringar. Det vil vere naudsynt med positive økonomiske resultat for å sikre midlar til naudsyste investeringar i medisinsk utstyr, IKT og fornying av bygg, for å legge til rette for behovet for spesialisthelsetenester framover.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16a

I tråd med vedtektene skal dei regionale helseføretaka følgje allmennaksjelova § 6-16a *Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper* og § 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper*, samt *Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer*.

Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skal frå og med 2022 leggjast fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte. Rapport om løn og anna godtgjering i Helse Vest RHF for 2024 er lagt fram for føretaksmøtet.

Føretaksmøtet vedtok:

Rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar for 2024 vert godkjent.

Sak 6 Godkjenning av revisors godtgjering, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2024. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 3 040 000 ekskl. mva., utgjør honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 359 000 ekskl. mva. Det samla revisjonshonoraret har auke med kr 243 000 ekskl. mva. frå 2023 for føretaksgruppa samla sett, som skuldast generell prisauke og ny revisjonsavtale inngått i 2024.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 3 040 000 ekskl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2024, medrekna godtgjering på kr 359 000 ekskl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 7 Endring i driftskredittramma og bruk av premiefond for 2025

Føretaksmøtet viste til Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2025*. Her er det foreslått å sette ned driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 6 390 mill. kroner:

«Helseforetakene er i saldert budsjett 2025 gitt anledning til å bruke 2 000 mill. kroner av premiefond til betaling av pensjonspremier i 2025. Det er ventet en stor økning i premiefondene til helseforetakene i 2025. Det foreslås derfor å øke bruken av premiefond i 2025 med 5 600 mill. kroner fra 2 000 mill. kroner i saldert budsjett til 7 600 mill. kroner. Hensyntatt effekten av at det ikke svares arbeidsgiveravgift ved bruk av premiefond, gir den økte bruken av premiefond en samlet likviditetslettelse på 6 390 mill. kroner. Helseforetakenes samlede innvilgede driftskredittramme foreslås satt ned tilsvarende. Dette gir en samlet driftskredittramme for de regionale helseforetakene på 25 321 mill. kroner ved utgangen av 2025.»

Justering av driftskredittramma vil bli gjort i samanheng med eventuelle andre endringar i nysalderinga for 2025, seinast per 31. desember 2025.

Helse Vest RHF sin del av auka bruk av premiefond utgjør 1 076 mill. kroner. Helse Vest RHF sin del av redusert driftskreditt utgjør 1 228 mill. kroner.

Endringa i driftskredittramma vert gjort med atterhald om Stortinget si godkjenning.

Føretaksmøtet vedtok:

*Helse Vest RHF sin bruk av premiefond vert sett opp med 1 076 mill. kroner.
Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 1 228 mill. kroner frå 6 204 mill. kroner til 4 976 mill. kroner ved utgangen av 2025.*

Sak 8 Organisering av luftambulansenesta

Føretaksmøtet viste til protokoll frå føretaksmøtet 3. juli 2024 der dei regionale helseføretaka ble bedt om å legge til rette for en prosess med forhandlingar for å vurdere eventuell direktetildeling av operatøransvaret i ambulansehelikopterenesta til Stiftelsen Norsk Luftambulans (SNLA)/deira dotterselskap. Føretaksmøtet viste vidare til vedtak i styra i dei regionale helseføretaka, der dei har slutta seg til at det blir gjennomført ei direktetildeling av operatøransvaret i ambulansehelikopterenesta til Norsk Luftambulans AS (NLA) frå 1. juni 2028. Det går fram av vedtaka at styra vurderer at forhandlingsresultatet ikkje avviker vesentleg frå det estimerte nullalternativet, at risikoen ved en direktetildeling er vurdert som akseptabel og at avtalen har same varigheit som gjeldande avtale (seks år med tillegg av to opsjonsperioder á to år).

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tar forhandlingsresultatet om direktetildeling av operatøransvaret i ambulansehelikopterenesta til Norsk Luftambulans AS til etterretning.

Møtet vart heva kl. 11.50.

Oslo, 12. juni 2025

Jan Christian Vestre

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar